

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 197/2023

av 22. september 2023

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/59 av 5. januar 2023 om godkjenning av eit preparat av *Pediococcus pentosaceus* DSM 32292 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/60 av 5. januar 2023 om godkjenning av konjugert linolsyre (t10, c12)-metylester som tilsetjingsstoff i fôr til slaktesvin og mjølkekyr (innehar av godkjenninga: BASF SE)⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/61 av 5. januar 2023 om godkjenning av eit preparat av endo-1,4-betaglukanase frå *Aspergillus niger* CBS 120604, eit preparat av endo-1,3(4)-betaglukanase frå *Aspergillus neoniger* MUCL 39199, eit preparat av endo-1,4-betaxylanase frå *Trichoderma citrinoviride* MUCL 39203 og eit preparat av endo-1,4-betaxylanase frå *Trichoderma citrinoviride* CBS 614.94 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel II, etter nr. 480 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/53), skal nye nummer lyde:

(1) TEU L 5 av 6.1.2023, s. 16.

(2) TEU L 5 av 6.1.2023, s. 19.

(3) TEU L 5 av 6.1.2023, s. 24.

- ”481. **32023 R 0059**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/59 av 5. januar 2023 om godkjenning av eit preparat av *Pediococcus pentosaceus* DSM 32292 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 5 av 6.1.2023, s. 16).
482. **32023 R 0060**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/60 av 5. januar 2023 om godkjenning av konjugert linolsyre (t10, c12)-metylester som tilsetjingsstoff i fôr til slaktesvin og mjølkekyr (innehavar av godkjenninga: BASF SE) (EUT L 5 av 6.1.2023, s. 19).
483. **32023 R 0061**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/61 av 5. januar 2023 om godkjenning av eit preparat av endo-1,4-betaglukanase frå *Aspergillus niger* CBS 120604, eit preparat av endo-1,3(4)-betaglukanase frå *Aspergillus neoniger* MUCL 39199, eit preparat av endo-1,4-betaxylanase frå *Trichoderma citrinoviride* MUCL 39203 og eit preparat av endo-1,4-betaxylanase frå *Trichoderma citrinoviride* CBS 614.94 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 5 av 6.1.2023, s. 24).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2023/59, (EU) 2023/60 og (EU) 2023/61 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 22. september 2023.

For EØS-komiteen

Pascal Schafhauser

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.